

Knut Johannessen: *Den glemte skriften. Gotisk håndskrift i Norge.*  
Riksarkivarens skriftserie 28. Oslo: Universitetsforlaget, 2007.

Meldt av Odd Einar Haugen

I forordet til *Den glemte skriften* skriv riksarkivaren at boka skal tene som ein dørøpnar til historia. Det er treffande, for ein stor del av vår nyare historie, frå 1500-talet fram til eit godt stykke ut på 1800-talet, er berre tilgjengeleg gjennom originaldokument i gotisk håndskrift. Det er ei håndskrift som knapt nokon lenger kan lese utan øving, og sjølv dei mest trente kan til tider ha vanskar med å tyde ei skrift som har store individuelle variasjonar, kan vere skriven i hast og dertil har mange teikn som er vanskelege å halde frå kvarandre. Det finst fleire bøker om gotisk håndskrift, men denne meldaren kjenner ingen som er så rikt illustrerte, så godt fortalde og så instruktive som *Den glemte skriften*. Tittelen på boka er i seg sjølv ein liten genistrek, for kven har ikkje lyst til å avdekke historiske løyndommar?

Boka er delt i tre hovudbolkar. Først gjev forfattaren ei historisk ramme, der han dreg linjene tilbake til utviklinga av den gotiske handskrifta i mellomalderen og overføringa av denne til trykkskrift ved Johann Gutenberg og andre. Denne historikken blir ført fram til vår tid, der den tyske forordninga om *Normalschrifterlass* frå 3. januar 1941 markerer eit slutt punkt for den gotiske trykkskrifta; etter denne tid skulle antikvaen vere rådande også i det tyske riket. Vidare omtalar forfattaren skriveopplæringa frå 1600-talet og framover, og han gjev ei innføring i penn, blekk og papir. Den andre og største delen er ei praktisk orientert innføring i å lese gotisk håndskrift, der forfattaren byrjar med å presentere trykkskrifta slik vi kjenner den best, i frakturen frå 1800-talet, og deretter går over til den samtidige gotiske handskrifta. Så arbeider han seg bakover gjennom hundreåra til slutten av 1500-talet. Det er så langt bak som det norske kjeldematerialet strekkjer seg i større omfang. Den tredje og siste delen er ein oppslagsdel, der dei enkelte bokstavformene blir viste, der ligaturar og forkortingar blir omtalte, der det blir gjeve råd om transkripsjon og der det blir vist til vidareførande litteratur. Boka er avslutta med ei tematisk organisert litteraturliste, ei liste over kjeldene til illustrasjonane og eit register over omtalen av dei enkelte bokstavane (ganske uvanleg, men nyttig) og eit register over tekstane, kva for innhald dei har og kvar dei høyrer heime.

Boka er skriven som ei lærebok og er derfor ikkje tyngd av noteapparat eller omfattande litteraturtilvisingar. I den første delen, det historiske overblikket, kan ein frå tid til anna sakne referansar, men den som blir inspirert til å følgje dette perspektivet vidare, kan sjølv finne vegen i litteraturlista. Mest av alt ser det ut til at boka byggjer på den røynsla som forfattaren har skaffa seg gjennom undervisning i emnet og praktisk arbeid med kjeldene. Den pedagogiske oppbygginga synest svært vellykka; det er i beste forstand tale om å gå frå det kjende til det ukjende. Fleire av tekstboksane i denne delen fortener å studerast nøye, såleis den som står på s. 63 og som viser korleis ein skal gå fram når ein står fast i ein transkripsjon, og den som står på s. 72 og peikar på nokre av dei viktigaste skiljemerka for vanskelege bokstavar. Forfattaren brukar ikkje fleire fag-

uttrykk enn høgst nødvendig, noko som er med på å senke dørstokken. Det står ikkje til å nekte at det kan vere vanskeleg å lese gotisk handskrift, men forfattaren deler generøst sin kunnskap med lesarane og gjev gode og poengterte råd om korleis ein skal gå fram, steg for steg.

Etter ein konsis gjennomgang av gotisk trykkskrift på s. 57–64 presenterer forfattaren dei enkelte bokstavane på s. 65–77, bygd på eit skjønkskriftshefte frå 1830. Her jamfører han den handskrivne gotiske forma av bokstavane med den trykte forma og med den moderne antikvaforma. Det heile er ordna i formklasser, først dei små bokstavane, dernest dei store. Dette er instruktivt og oversiktleg oppsett. Til slutt viser forfattaren korleis bokstavane kan knytast saman til ord og kva for tilpassingar som då skjer. Heile vegen er perspektivet å vise det som er felles mellom gotisk skrift, trykt og handskriven, og moderne antikva. Ved å framheve likskapane blir det lettare å leggje merke til det som verkeleg er ulikt, og der ein lett kan ta feil. Lesarane lærer at dei mest avvikande bokstavane er *d*, *e*, *h*, *p*, *r*, *s*, *v* og *x*, medan berre *f* og *k* er om lag identiske med vår tids skrift. For somme av bokstavane viser forfattaren korleis dei er oppbygde i strøk, t.d. at fanen vart føydd til i det siste strøket og dermed kunne bli frittvevande. Det hadde vore av interesse å sjå ei systematisk oppdeling av strøka og rekkjefølgja av dei, slik ein ofte finn i studiar av mellomalderskrift. Gjennom ein slik analyse kan ein lettare forstå korleis enkelte bokstavar kunne kome skeivt av stad, fordi samanføringa av strøka ikkje vart som den skulle.

Resten av den andre hovuddelen er avsett til eit stort og variert eksempelmateriale, der lesarane får gode faksimil og tilhøyrande transkripsjonar, ofte slik at første delen av transkripsjonen står saman med faksimilen og resten av transkripsjonen står bak i boka. Dermed skal lesaren bli oppmuntra til å transkribere vidare på eiga hand. Det kan ikkje vere tvil om at forfattaren har lagt ned eit stort arbeid i å velje ut desse tekstane – både for at dei skal vere eigna til studiebruk, for at dei skal reflektere ulike typar av kjelder og for at dei skal vere spennande å lese. Her er dokument frå dei lågaste og høgste lag i samfunnet – frå den stakkars vaskekona som stal eit bomullstørkle frå ei tenestefjente (s. 107) til grunnlova av 1814 (s. 91). Vi møter handskrifta til Henrik Wergeland (s. 94), Peter Tordenskiold (s. 154) og Petter Dass (s. 178). Alt saman er kunnig kommentert og sett inn i kontekst. Ikkje dermed sagt at all handskrift er lett å lese; faksimilen nedst på s. 27 kan vel berre tolkast av ein som kjenner til konteksten. Det store materialet viser spennvidda i skrifta, frå reint kunstnarlege bidrag som barokkskrifta på s. 21 til utflytande og plasskrevjande skrift, som på s. 22. Kanskje ikkje så underleg at skrifta flaut ut når skrivaren fekk betalt per side!

Eksempelmaterialet er delt i tidbolkaner 1800-talet, 1750 til 1800, 1700 til 1750, 1600-talet og frå før 1600 til 1650. Det er naturleg nok ingen så skarpe skilje i materialet, men ved å bla gjennom skriftprøvene kan lesarane forvise seg om at periodiseringa er tenleg. Dei eldste prøvene framstår kan hende som dei vakraste, som kraftfulle og velproporsjonerte, og samtidig livfulle. Den myndige skrifta til Petter Dass (s. 177) får stå som eit døme på dette, og eit ørlite sideblikk til det som fell inn under grafologien, sambandet mellom skrift og personlegdom. Forfattaren har elles gode grunnar til å presentere historia baklengs, for dei typiske lesarane av gotisk handskrift er lokalhistorikarar og slektshistorikarar, og dei arbeider seg ofte bakover i kjeldematerialet. Materialet frå 1800-talet er størst og best dokumentert, også gjennom forskriftsbøker, og er også av den grunn den naturlege staden å byrje studiet.

Forfattaren framhevar på s. 42–43 sambandet mellom skrift og språkleg form. Den som skal lese gotisk skrift, må også forstå innhaldet og trengje gjennom ortografien. Og den kan vere krunglete nok, særleg på 1600-talet då skrivarane i barokk overskots glede la til ekstra bokstavar titt og ofte. Her er eit viktig og intimt samband mellom skrift-

historie og språkhistorie, og det er ganske sikkert riktig som forfatteren skriv, at det er mykje ugjort på dette feltet. Dette er ein arena for samarbeid mellom historikarar og filologar, der norsk (og dansk) språkhistorie kan utviklast på grunnlag av studiar i eit arkivmateriale som enno ikkje er utnytta til fulle. Forfatteren viser til sentrale oppslagsverk her, og det er ikkje tilfeldig at dansk språkhistorie opptrer med standardverket til Peter Skautrup i litteraturlista, *Det danske sprogs historie*. For norsk språkhistorie finst det enno ikkje eit tilsvarande verk. Det finst derimot tekstsamlingar, både digitalt ved dei leksikografiske samlingane i Oslo og i samlinga *Den fyrste morgonblånen* av Kjell Venås (Oslo: Novus, 1990). Men mykje arbeid står tilbake, og kan hende kan historikarar og filologar, som ofte har trekt i ulike retningar, byggje opp samarbeidsprosjekt her.

Aud Gloppen har vore ansvarleg for bokutstyret. Alt frå omslaget er det klart at dette er ein designar som har sett seg føre å skape ei vakker og lesarvenleg bok. Grunnskrifta er Adobe Garamond, trykt i ein fin bruntone, medan titlane og bilettekstane er i Zwo – dei første i raudt og dei andre i blått. Raudfargen er god og leseleg, medan blåfargen med fordel kunne ha vore meir metta. Også transkripsjonane er i Zwo, haldne i same tone som grunnskrifta. Dei to skriftsnitta står godt til kvarandre, både gjennom kontrasten i form og i farge. Sidene er godt komponerte og det er stor variasjon gjennom boka; få sider er eins, men dei typografiske verkemidla er gjennomgåande brukte med skjønsemnd. På nokre punkt har likevel estetikken fått overtaket på den praktiske bruken. Sidetala inngår i kolumnetitlar som for det første er i minste laget og for det andre berre står på venstresider. Når opningssidene i eit kapittel dertil er utan kolumnetitlar, som er riktig nok, kan det ta litt tid å finne rett side. Det kan vere keisamt å ha sidetal på kvar side, men meldaren tillèt seg å peike på at det er praktisk. Verre er det at illustrasjonstekstane kan vere vanskelege å knyte til illustrasjonane. Stort sett kan ein ta seg fram ved å telje illustrasjonar og tekstblokker i blå skrift, men det stemmer ikkje alltid. Side 32/33 ser ut til å ha tre illustrasjonar, men har faktisk fire. Omvendt har side 24/25 tre, ikkje fire illustrasjonar. Forklaringa er i det siste tilfellet at illustrasjonsteksten er lagt over ein illustrasjon, slik at noko av illustrasjonen kjem ovanfor og noko under. *Den glemte skriften* har nyleg fått gull i konkurransen *Årets vakreste Bøker* i 2008, i klassa for typografi/skrift. Juryen skriv at materialet knapt kan formidlast betre og at “det er en uovertruffen typografisk sikkerhet parret med komposisjonsmessig dristighet”. Litt større atterhald hadde likevel vore ønskeleg, slik at lesarane kunne ha fått meir hjelp til å navigere mellom tekst og illustrasjonar. Mykje kunne ha vore vunne ved å nummerere illustrasjonane. Trass desse kritiske merknadene må det ikkje vere tvil om at boka har fått eit uvanleg flott utstyr, som gjer det til ei glede å lese henne. Riksarkivet skal ha honnør for at boka er så påkosta som ho er.

Forfatteren kontrasterer gjennom heile boka den gotiske skrifta, anten det er tale om handskrift eller trykkskrift, med latinsk skrift, t.d. s. 12–13, 18–19 og 26–27. Ein stad, s. 28, skriv han også om to alfabet, det latinske og det gotiske. Han er på ingen måte aleine om dette, men terminologien er like fullt problematisk. Både den gotiske trykkskrifta og antikvaen (som *Maal og Minne* brukar) er stilvariantar av det same alfabetet, det latinske alfabetet. Går ein tilbake i skrifthistoria, slik forfatteren også gjer i den første hovuddelen, ser ein korleis den gotiske skrifta utvikla seg frå den karolingiske minuskelen utover på 1100-talet, først i Nord-Frankrike, og seinare spreidde denne gotiske skrifta seg over heile Europa. Då dei italienske humanistane gjenskapte den gamle skrifta, *littera antiqua*, var det den karolingiske minuskelen dei løfta fram. Men den karolingiske minuskelen er også utgangspunktet for den gotiske skrifta. Her til lands kan vi spore den gradvise overgangen frå karolingisk skrift på 1100-talet via seinkarolingisk eller førgotisk skrift på 1200-talet fram til den fullt utvikla gotiske skrifta på 1300-talet. Her kan ein trekk for trekk sjå korleis den lyse og luftige karolingiske minuskelen vart

komprimert og utvikla seg til ei perpendikulær skrift, i si mest reindyrka form eit reint gitterverk. Men både den gotiske skrifta og den humanistiske antikvaen er som sagt stilvariantar av det same alfabetet, det latinske alfabetet. Det finst også eit gotisk alfabet, men dette har ingenting med gotisk skrift å gjere. Det gotiske alfabetet vart brukt av biskop Wulfila på 300-talet i omsetjinga av Bibelen til gotisk, ei austleg grein av germansk språk. Dette alfabetet var bygd på det greske, men har så mange særtrekk at det er rekna som eit alfabet i sin eigen rett.

Denne ekskursen i skrifthistoria er snarast eit uttrykk for at når ei bok er så solid og gjennomarbeidd, blir innvendingane få og på kanten til det uvesentlege. Med *Den glemte skriften* har Knut Johannessen lykkast i å løfte den gotiske handskrifta fram i lyset, gjere den spennande og forlokkande. Dette er ei bok som bør få plass i mange bokhyller, ikkje berre som referanseverk i bibliotek og arkiv eller som pensumlitteratur for historie- og filologistudentar, men også i hyllene til alle som er allment interesserte i skrift og kultur. Då J.W. Cappelen gav ut *Med fjærpenn og pergament* av Ludvig Holm-Olsen i 1990, ei bok som på mange vis sluttar der *Den glemte skriften* byrjar, sende forlaget like godt boka på mammutsalet tre år seinare. Det er å håpe at Universitetsforlaget har større sans for katedralen enn børsen med *Den glemte skriften*. Men så stor grunn til bekymring er det truleg ikkje, for *Den glemte skriften* er ei bok som denne meldaren er viss på at vil kome ut i nye opplag. Det er ei fagleg solid og ei pedagogisk vellykka bok, eit *vademecum* for dei store samlingane av primærkjelder som er i Riksarkivet og ei estetisk glede i seg sjølv.

Odd Einar Haugen  
Universitetet i Bergen  
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium  
Sydnesplassen 7  
NO-5007 Bergen  
odd.haugen@lle.uib.no